

JULEHELING FRÅ ROGALAND SAU OG GEIT 2017

Etter eit heller vått år går me nå snart inn i eit nytt år, me satsar på at værgudane er litt meir på lag med bøndene i 2018. Me er optimistar og SAMAN ER ME STERKE 😊

Rogaland Sau og Geit ønsker å vere ein framtidsretta organisasjon med fokus på mykje forskjellig. Det er viktig å ha god kommunikasjon med medlemmane, og me vil kalla saman til regionsmøter nå rett over nyttår. Denne gang vil heile styret i lokallaga verta inviterte. Det er viktig å få komme saman og drøfte ting som opptek oss .

Årsmøtet i RSG blir 23.-24 februar på Scandic Forus. Me oppfordrar alle til å sende så mange representantar som mulig. Kvar lokallag kan møte med 1 representant pr. 50 påbegynte medlemmer. VIKTIG: For å ha stemmerett på årsmøtet må lokallaget ha gjennomført årsmøtet sitt i forkant.

RSG ønsker innspel til landbruksforhandlingane! Det er viktig å komme med forslag til endringar og forbedringar. Frist for å sende inn innspel til RSG er 18.januar.

Dyrevelferd har blitt eit svært aktuelt tema, som også er svært viktig i saue og geiteholdet. Pass godt på dyra og sjå etter om nokon treng ekstra stell og gi dei det. Det er viktig at forbrukarane kan føla seg trygge på at dyra har det godt og vert passa godt på.

Dessverre har me igjen fått nokre tilfeller av fotråte, dette viser kor viktig det er at me fortsetter med slakteriovervåkinga. Viktig at alle støtter opp om dette arbeidet!! For den enkelte småfeholder er det viktig å holde fokus på smittebeskyttelse.

Samtidig er det viktig å tenka på at me må vera medmenneske og stilla opp for kvarandre. 😊 Ta litt fri innimellom og gå på besøk til naboen ,og høyre korleis han/ho har det.

Me vil med dette ønske alle våre saue og geitekollegaer ei fantastisk fin julefeiring og eit Godt Nyttår.

Med hjarteleg helsing styret i Rogaland Sau og Geit.

